

SVENN HAUGE  
MYKINGVEGEN 761  
5913 EIKANGERVÅG

---

<b>Dato</b>	24.10.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/81967-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Tone Bøyum
<b>E-post</b>	Tone.Boyum@vlfk.no
<b>Telefon</b>	47781807

## **Avkøyrslle ikkje godkjent - Krav om utbetring - Fv. 5464 - Mykingvegen - Gnr. 29 bnr. 3 m.fl - Alver kommune**

Vestland fylkeskommune viser til søknad mottatt om ferdiggodkjenning av avkøyrslle frå fylkesveg 5464 i Alver kommune.

Vestland fylkeskommune gav løyve til opparbeiding av avkøyrslle i vedtak av 29.02.2021. Vi var på synfaring 06.10.2022. Vi vurderer at avkøyrslle ikkje er bygd i samsvar med dei krav som vart satt og vil ikkje godkjenne avkøyrslle slik ho er opparbeidd.

- Svingradius er ikkje avgrensa med avvisande kant
- Smalaste punktet i avkøyrslle er for breitt.
- Avkøyrslle overheld ikkje stigningskravet dei første meterane slik vårt vedtak stiller krav om. Fallet frå fylkesvegen synest å vere for bratt, noko som medfører slitasje på asfaltkant i overgang til fylkesvegen, sjå bilete under.
- Ulovleg avkøyrslle er ikkje stengt fysisk, slik at det framleis er mogleg å nytte avkøyrslle for større køyretøy.

Vi vurderer at avkøyrslle er overdimensjonert og vi ser at feil køyremønster oppstår i avkøyrslle. Før vi kan godkjenne denne avkøyrslle skal den smalast inn, svingradiusen skal vere tydeleg avgrensa og lengdeprofilen skal rettast opp.

Det kan sjå ut til at store køyretøy nyttar avkøyrslle, og overgangen mot asfaltkant til fylkesvegen smuldrar opp. Vi vil rå til å asfaltere første del av tilkomstvegen, slik at ein reduserer slitasjen på kant mot fylkesveg. Sjå bilete seinare i brevet.

Til vårt vedtak er det stilt krav om at ulovleg anlagt avkøyrslle skulle stengast. Det er lagt på litt jord ved avkøyrsllepunktet. Dette er ikkje tilstrekkeleg for at vi kan godkjenne stenginga. Avkøyrslle skal vere tydeleg grave opp utan å skade fylkesvegen, eller ein kan setje opp fysisk sperre slik at avkøyrslle ikkje vert nytta.

Vidare er det anlagt tilkomstveg til deponiet, som ligg innanfor byggjegrænse langs veg. Vi kan ikkje sjå at dette er omsøkt. Vi ber om å få tilsendt vedtak på denne vegen. Dersom vegen ikkje er søkt om må dette gjerast.

### **Sluttord:**

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde vil ikkje godkjenne ny avkøyrslle på frå fv 5464 til gnr 29 bnr 3 i Alver kommune. Det må utførast vesentlege tiltak for av avkøyrslle skal godkjennast.

Ulovleg avkøyrslle har ikkje tilstrekkeleg avgrensing mot fylkesvegen. Avkøyrslle må stengast fysisk.

Det er opparbeidd ein ny tilkomstveg som ligg innanfor byggjegrænse langs veg. Det er og utført terrenginngrep innanfor byggegrensa. Vi kan ikkje sjå at desse tiltaka er omsøkt. Vi vurderer at tiltaka er søknadspliktig etter veglova. Dersom Alver kommune har gjeve løyve til tiltaka ber vi om at løyve vert sendt til oss.

Vi ber om snarleg tilbakemelding innan tre veker på at tiltaka er utført slik at avkøyrsla kan godkjennast for bruk

Med helsing

**Kari Louise Elster Moen**  
leiar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Tone Bøyum**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

Solfrid Vigdis Kvamme





*Bilete: Manglande avgrensning av svingradius (06.10.2022)*



*Bilete: Dårlig påkobling til fylkesvegen øydelegg asfaltkant.*





*Bilete: Ulovleg avkøyrslø er ikkje stengt (06.10.2022)*